

**Rosendal Turnlag har i ettermiddag hatt ein god sesongopning på Nymark Kunstgress i Bergen der dei sigra 3-0 over Baune 2 i 5. divisjon.**

Laget har i denne sesongen 3 uskedelingar i stallen - det er Tommy Røssland, Anders Bakke Berntsen og Lars Johan Myklebust - den siste både som trenar og spelar.

Etter kampen i dag tyder mykje på at det strenge regimet Myklebust har lagt opp til for laget har vore vellukka.

To av laga i vår geografiske nærleik som spelar i same avdelingen er Fitjar og Fusa. Kampen mellom dei i helga enda uavgjort 2-2.

Lars Johan Myklebust slår fast at Rosendal hadde full kontroll gjennom heile kampen, men det var først mot slutten av første omgang gjestene fekk mål - Anders Nilsen nikka eit frisparkinnlegg i nettet.

Vegard Enes Ludvigsen auka til 2-0 nokre få minuttar etterpå etter eit flott angrep. Det tredje målet kom på straffe ved Kjetil Helvik etter hands. Sindre Omvik fkk raudt kort i 2. omgang etter berre nokre minuttars spel. Dommaren meinte at han var for hard i ei tackling.

Til helga kjem Laksevåg 2 på besøk og Myklebust meiner det då ligg at til nye poeng. sjølv om fleire har meldt forfall. 3 skal til Spania, ein er på jobb og ein har karantene.

.Dei har lukkelegvis ein stor stall, påpeikar trenaren for Kvinnheringen.

Av Ola Matti Mathisen